

SÆDALEN

Finn Sæterdal

Sædalen ligg ca. 3 km. frå sjøen. Innmarka ligg i ein dalbotn ca. 100 m. over havet, Sædalen grenser til Herfindalen, Jamne og Vaksdal. Grensa går alle stader i fjell og utmark. Mot Herfindalen går grensa etter vasskilje. Det er ikkje urimeleg å tru at Sædalen vart rydda alt i vikingtida (800-1050). Grunnen til at ein vil tidfeste det til denne perioden er at det skal ligge ein gamal gravhaug på Hullamyra hos Gjertruane som er kalla "Kjempehaugen", der var sett steinheller på kant rundt haugen.

Det er mest sannsynleg at Sædalen vart brukt til sæter av brukarane på Vaksdal før der vart gardar. Sædalen var sannsynleg ødegård etter Svartedauden (ca.1350). Eldste skriftleg kjelde om Sædalen er frå 1567, det var då Munkeliv kloster i Bergen som åtte dalen. I ca. 1660 kom alt klostergoods under kongen (kongegods). Da kongen kom i økonomiske problemer selde han til private. I 1692 er Stamnes Kyrkje oppført som eigar. Men i futeregnskapet 1694 står arvingane etter Isak Wessel som eigar. I 1700 er Abraham Wessel oppført som eigar. Han var formyndar for barna åt Wessel, som truleg var ein nær slektning. I 1703 gav Abraham Wessel skøyte på vegne av sine myndlingar, Henrik Isaksen og Trine Isaksdr.Wessel, til to menn frå Samnanger, Tomas Tomassen Gjerde og Tomas Nilsson Langeland. Dei står oppført som eigarar av kvar sin helvt av garden Sæterdal i Matrikkelen av1718. Tomas Nilsson Langeland var den første sjølveigaren i Sædalen etter leiglendingtida.

Herredsbeskrivelsen frå 1863 forklarar at sjøvegen er "1/4 Miil ganske dårlig kjøreveg". På eit vegstykke kalla "Verkane" låg vegen på murar langs med dei bratte berga i elvekanten. Slik at når elva var stor gjekk ho opp i vegen, om vinteren la det seg is frå berget over vegen og ut i elva slik at det var nesten uråd å gå der før ein fekk hogd vekk isen. Ein kan framleis sjå murane etter denne vegen nede i Stemma.

Tunet.

Husa i Sædalen låg i eit tun ute i dalen, på begge sider av Fonnestølsbekken. Tunet bestod av 3 stover og eit vilkårshus, 4 fjøs og 5 andre uthus. Vilkårshuset vart i 1888 seld til Gert Meyer og flytta til Vaksdal. Gjennom tunet rann det ein bekk (Fodnestølsbekken). Olagarden låg på nordsida av bekken, på andre sida av bekken låg Utigarden. Der budde Nilsane (no Sjurane). Kleppane og Teigen budde i same huset, dette var eitt bruk fram til 1879. Dei hadde kvar sin ende av huset. Midt på huset var det ein gang med ei stor grue. Etter utskiftinga flytta Teigen. Då

saga dei det gamle huset i to, slik at Teigen og Kleppane fekk kvar sin ende. Den halve delen av huset som sto att på den gamle tomta, stod uten gavlvegg denne sommaren. Stovehuset i Olagarden vart teke ned og bygd opp att på same grunne i kring 1905. Nokre år etter bygde dei ny løe. Den gamle løa hadde smaleflor under høytufta. Kyrefloren låg i flukt med løa. Det var ein tømra flor med møkhus under.

Oppdeling av bruken.

I 1839 delte Johannes Anderson bruket med løpsnr. 55 mellom sønene Arne og Erik. Johannes Anderson hadde tun for seg sjølv oppe ved bøgarden (der ein i dag kallar Vårflora, kan ein framleis sjå spor etter steingarden der huset har stått). I 1844 vart der skilt ut eit lite bruk frå Tørrisane, dette vart kalla Nya Plasse. I 1860 vart det skilt ut eit lite bruk frå Olane og Synsvoll, som fekk namnet Trædet. I 1869 vart det skilt ut eit bruk frå Sjurane, som fekk bruk nr.8. Ole Nilsson Sæterdal som eigde bruk nr.27 på Vaksdal gjorde i 1877 makebyte med Gert Meyer om bruk nr.8 Nya Plasse. Frå før eigde han bruk nr.4 Plasse.

I 1905 fekk han skøyte på bruk nr.2 Trædet. Frå den tid har bruk nr.2,4 og 8 vore under ein eigar. Han tok då å kalla garden Oppsett (i dagleg tale Plasse). I 1879 vart løpenr. 56 delt i to jamn store bruk og delt mellom sønene Olav og Nils. Etter den offentlege utskiftinga av innmarka i 1900, fekk Olav bruk nr. 9 og flytta sør i dalen og tok namnet Synsvoll. Dei kjøpte Tuftabråte og flaten på nedsida av veggen, frå Sjurane. Nils fekk bruk nr. 10 og tok namnet Teigen og flytta inn der huset står i dag.

I 1855 flytta Erik ned i Myra der han seinare fekk bruk nr. 7, mens Arne flytta over elva og kalla tunet Nygard og fekk bruk nr. 6. Etter utskiftinga kjøpte Tørrisane Nilsaliæ og Røsttølen av bruk nr. 5 og 3, (Sjurane) dei kalla parsellen Nyastykkje.

Utskifting av innmarka.

Den 18 juli 1898 var brukarane i Sædalen samla i Anders Olsen (Olane) sitt hus, for å bli orientert om kravet om utskifting av innmark og utslåtter i Sædalen. Dette kom fram att i skriv av 5 oktober 1896 frå Ole Johan Andersen, Anders Olsen og Stein Johannesen. Utskiftingsformann Halvard Kloster leia møtet. Thomas Tomassen Vaksdal og Tomas Johannesen Jamne var oppnemnd som medlemmar i utskiftingsnemnda. Før møtet tok til måtte dei skriva under følgjande protokolltilførsel:

“ Jeg lover og sverger at ville utføre de mig påhvilende plikter som utskiftingsmand med troskab og redelighed saasant hjelpe mig Gud og hans hellige ord.”

Da ingen hadde noko å utsetja på det framsatte krave, begav alle seg ut på synfaring.

Gardane i Sædalen bestod på den tida av følgjande bruk :

Br. nr 1	Anders Olsen	(Amundsen)
Br. nr 2	Brita Nilsson	(Trædet)
Br. nr 3	Anders Thomassen	(Sjurane)

Br. nr 4	Ole Nilsen	(Nya Plasse)
Br. nr 5	Anders Thomassen	(Sjurane)
Br. nr 6	Anders Andersen	(Tørrisane)
Br. nr 7	Johannes Olsen	(Gjertruane)
Br. nr 8	Ole Nilsen	(Plasse)
Br. nr 9	Ole Andersen	(Synsvoll)
Br. nr 10	Anders Nilsen	(Teigen)

“Brita Nilsdatters brug paavises at ligge i en samlet og indhægned teig omgiven af udmarken.

Ole Nilsens brug nr. 4 utgør en udslaatteteig i Jordtodnene medans hans andre bruk, bruk nr.8 ligger samlet i en teig i indmarkens østre ende, hvorav det eies en liten teig lidt hjemmenfor omgiven af naboeiendomme. De øvrige brug viser sig at bestå af flere eller færre omhinliggende teiger saaledes at fuldt fellesskab efter utskiftningslovens §2 litra b skjønnes at være tilstede. Da retten ansaa forholdene af den beskaffenhed, at udskiftning hvorved brugernes eiendomme kan mer samles og bedre anvendes, baade vil være udførbar og nyttig beslutelse. Den over gaarden Sæterdals indmark med udslåtter forlangte udskifting blir at tillægge fremme og blir kart at opptage over skiftefatet i ein helhed med undtagelse af over Brita Nilsdotters brug, samt Ole Nilsens brug nr.8 hovedteig. Anders Thomassen bad om at hans 2 brug maa blive behandlet som et brug under udskiftningen”.

Da ingen hadde noko å bemerka til det framlagde synspunkta blei neste møte utsett på ubestemt tid.

Neste møte blei avholdt 26 oktober 1899. Her blei oppmålingskart over innmark og utslåtter i Sædalen framlagt. Det var ingen innsigelsar mot dei framlagde karta. Etter framlegginga av karta gav dei seg til å bonitere utskiftningsfeltet. Dette arbeide heldt dei på med til 3. november. Neste møte utsett på ubestemt tid.

Det tredje møte vart avholdt den 12 mars 1900. Det var skjedd nokon endringar i eigarforholda sidan siste møte. Ole Johan Andersen hadde overteke bruket etter far sin Anders Thomassen, samt at han hadde kjøpt bruk nr. 2 Træde av Brita Nilsdotter. Samtlege grunneigarar møtte på møte. Utskiftingsformann Gausdal la fram dei tidlegare nytta karta frå forrige møte med dei foretekne beregningane. Han opplyste at ein foreløpig delingsplan var utregna over innmarka, men at ein ikkje hadde utregna plan over Lia, da dette først kunne gjerast etter at innmarksplanen var bestemt. Etter nokon små grense justeringar godkjende grunneigarane det framlagde kartet.

Neste møte vart utsett på ubestemt tid, til ein hadde fått finjustert karta.

Fjerde og siste møte vart avholdt 24 april 1901 på gården til Anders Olsen i Sædalen. Formannen framla dei tidlegare nytta kart og beregningar. Han opplyste at: ”hensikten med dette møde var at paabegynne afslutningsarbeiderne. I henhold til den i forrige møde omformede delingsplan, hvad indmarksplan angaar, er denne saaledes udlagt:

Bruk nr. 3 og 5 (Sjurane)der er sammenføyet til en skyld, tilhørende Ole Johan Andersen og på kartet merket med litra b. er udlagt i en samlet teig indtagende brugets tidligere hovedteig og begrenses foruten af ydergrensen af 2den og 4de nedenbeskrevne skifteslinje.

Brugs. Nr. 9 (Synsvoll) tilhørende Ole Andersen og paa kartet mærket litra e. er udlagt i en samlet teig indtagende den østre del av det saakaldte Tuftebrot”og hjemover og begrenses foruden af den østre ydergrense af 1ste, 2den og 3dje nedenbeskrevne skifteslinje.

Bruk nr. 1 (Amundsen) tilhørende Anders Olsen og paa kartet mærket med litra a. Er udlagt i to Teige. Hovedteigen indtøyer partiet omkring brugets huse fra den vestre til den østre ydergrense og er forøvrigt begrenset af 4de, 5te og 7de nedenbeskrevne skifteslinje. Biteigen beliggende i sydøstre hjørne af skiftesfeltet er foruden af ydergrensen og Herfindalselven i øst og syd, i vest og nord begrændset af 1ste nedenbeskrevne skifteslinje.

Brugs. Nr.10 (Teigen) tilhørende Anders Nilsen og paa kartet mærket litra g. er udlagt i en samlet teig nord for bruks no.1 indtagende partiet op fra gaardsveien til ydergrænsen og er foruden af denne i syd begrændset af 5te i øst af 6te og i nord af 8de nedenbeskrevne skifteslinje.

Brugs. nr7. (Gjertruane) tilhørende Johannes Olsen og paa kartet mærket litra d. er udlagt i en samlet teig intagende partiet fra elven omkring brugets huse til den vestre ydergrense og er foruden af denne i syd begrændset af 8de, i nord af 10de og i øst af elvens djupaalslinje samt 9de nedenbeskrevne skifteslinje.

Bruks. nr 6 (Tørrisane) tilhørende Anders Andersen og paa kartet mærket litra c. er udlagt i en samlet teig indtagende brugets huse samt partiet øst for elven samt en mindre del vest for samme og er foruden af den østre og nordre ydergrændse i vest begrændset af elvens djupaalslinje samt 9de og 6te og i syd af 7de nedenbeskrevne skifteslinje.

Brugs. nr 8 (Trædet) tilhørende Ole Nilsen og paa kartet mærket litra f. Har faaet sin andel udlagt i nordre ende af skiftesfeltet og er foruden af ydergrændsen og elven i syd begrændset af 10de nedenbeskrevne skifteslinje.”

Vegar.

”Fra det gamle tune over elva til Herfindalsveien på Tuftabrote utlegges til felles bruk for alle grunneigara ein mellom grøft å skråning 2,5m brei kjørevei.

Fra vei nr 1 i nordre ende på Tuftabråte utlegges der ein 1 m brei gangvei til elva til bruk for Ole Andersen (Synsvoll).

Den tidligere gårdsvei (Søveien) til utmarka blir til fremtidig bruk å benyttes av alle som har hatt bruk for denne veien. Veien blir å omleggja frå Anders Olsen (Amundsen) løe og nordover etter veiens østre side der det er nedsatt stein å føller vestre side av 6 te skifteslinje.

Den tidligere gårdsvei over Anders Andersen (Tørrisen) eigendom til utmarka benyttes av samtlige oppsitjara og benyttast i same bredde som tidligare.

I gårdsveien i svingen nedenfor Hulderåkeren langs elva til utmarka er den tidlige gangvei til bruk for alle oppsitjarane.

Den tidlige benyttta vei fra det gamle tunet til den vestre utmark over Anders Olsen (Amundsen) utlagte eigendom blir til felles bruk.

Den gamle gjeil fra gårdsveien til utmarka over Ole Johan Andersen (Sjurane)eigendom blir til felles benyttelse for alle som tidlige har hatt rett på denne veien.

Anders Nilsen (Teigen) gies rett til å omlegga veien mot at han opparbeider forsvarlig kjørevei langs bøgjerde øvre kant til Britalee samt at han holder grind over veien i bøgjerde.”

Vegarbeid.

”Gårdsveien (søveien) vei nr.1 skal opparbeides til god kjørevei i fellesskap etter et sånt forhold at når Johannes Olsen (Gjertruane)arbeider 7 dagsverk, arbeider Anders Andersen (Tørrisen) 10 dagsverk, Anders Nilsen (Teigen) 13 dagsverk, Ole Andersen (Synsvoll) 15 dagsverk, Anders Olsen (Amundsen) 20 dagsverk, og Ole Johan Andersen (Sjurane) 20 dagsverk. I opparbeidelse av gårdsveien deltar bruk nr. 2 og 8 med hver 3 dagsverk for hvert 7 dagsverk Johannes Olsen utføre.

Veien frå Tuftabråte skal vere opparbeidet i forsvarlig stand innen 15 mai 1902 og resten av samme vei til Herfindalsveien innen same dato i 1905.

Omlegging av gårdsveien fra Anders Olsen (Amundsen) si løe til brua skal vere opparbeidet i forsvarlig stand innen 1 mai 1904. Den nedre bru (Kjørebua) skal oppføres og vedlikeholdes til god kjørebua av Anders Olsen, Ole Johan Andersen, Ole Andersen etter følgende deling, Anders Olsen 3/8, Ole Johan Andersen 3/8, og Ole Andersen 2/8 deler .

Den øvre brua (Tørrisbra) skal opparbeidast og vedlikeholdast til god kjørebua av Anders Nilsen, Anders Andersen, Johannes Olsen og eigar av bruk nr. 2 og 8, etter følgjande deling, : Anders Andersen 6/15, Anders Nilsen 4/15, Johannes Olsen 3/15, br. nr. 2. 1/15 og br. nr. 8.1/15 hver. Brua skal vera oppført i forsvarleg stand innen 20 mai 1902. Forannemte vei og bruarbeid skal utførast når nabo med vitne har tilsagt nabo til arbeid minst 6 daga i forveien, sånn tilsigelsemå ikkje foregå i det ordinære onnearbeide. Forsømmer noen seg etter at dei er tilsagt som foran bestemt å utføra det pålagte arbeide, kan den eller dei andre lata arbeide utførast på den andres forsømtes bekostning, denne kostnaden blir taksert av to lovligt oppnevnde menn å blir straks under inndrivingstvang å betala det forsømte arbeide til den som har utført arbeide.”

Vegvedlikehald.

”Veivedlikeholdet av gårdsveien fra tunet til yttergrensen utføres av dei same som tidlige og etter det før bestemte forhold.

Av vei nr.1 overtar Anders Olsen vedlikeholdet fra tunet til 45 meter forbi den nedre bru (Kjørebua), Ole Andersen overtar vedlikeholde fra der Anders Olsen slutter å 180 meter sydover, deretter overtar Ole Johan Andersen vedlikeholdet til

Herfindalsveien.

Anders Nilsen overtar vedlikeholdet av gårdsveien fra Anders Olsen si l e og 143 meter nordover. Fra Anders Nilsen plikt overtar Anders Andersen vedlikeholdet i 143 meter, derfra overtar Johannes Olsen vedlikeholdet tol yttergrensen. Dei tidlige benytta veia og stia i S edalslia er til samtlige bruk   benyttelse.”

Husflytting.

”Den bestemte delingsplan til flytting av husa blir etter f lgende takster:

Ole Johan Andersen flytter sin- stue med kjeller for	kr. 280.00	
“ “ “ “ -en mindre love for	<u>“ 40.00</u>	kr 320.00
Anders Nilsen flytter sin - stue med kjeller for	kr 180.00	
“ “ “ “ - fj�s og love for	<u>“ 170.00</u>	kr 350.00
Ole Andersen flytter sin - stue med kjeller for	kr. 380.00	
“ “ “ “ - fj�s og love for	“ 220.00	
“ “ “ “ - en mindre love for	“ 30.00	
“ “ “ “ - vedskur for	<u>“ 10.00</u>	
		<u>kr 640.00</u>
Til sammen utflyttingskostnader		<u>kr 1310.00</u>

Da Johannes Olsen og Anders Andersen tidlige var utflytta og desse bruk forholdsvis var mindre ber rt av utskiftingen fant ein i henhold til loven at dei delvis burde fritakast for utflyttingsomkostningane, hvorette det ble bestemt at:

Anders Olsen betaler	kr. 200.00
Ole Johan Andersen	“ 200.00
Anders Andersen	“ 80.00
Johannes Olsen	“ 80.00
Ole Andersen	“ 150.00
Anders Nilsen	<u>“ 150.00</u>
	<u>kr 860.00</u>

Husflytningsomkostningane overskrider det bel p ein i henhold til loven kan p legga grunneigarane med kr. 450.00. Dette bel p har grunneigarane h p om   f  redusert fr  statskassen, men dei m  stilla garanti i mellomtiden :

Anders Olsen granterer for	kr.	125.00
Ole Johan Andersen	“	87.50
Anders Andersen	“	87.50
Johannes Olsen	“	50.00
Ole Andersen	“	50.00
Anders Nilsen	“	50.00

Husene skal vera flytta og tomtna avlevert til den nye grunneigaren innen 15 mai 1903, alt under utkastelse og ryddinggjørelsestvang. Fra tomtna kan den flyttede ta med all den stein han måtte ønska, men ingen jord å heller ikkje taktorv. Etter at den enkelte har bekostet sitt eget utflytnings kostnad, blir det et sånt oppgjør :

Anders Olsen betaler til	Anders Nilsen	kr.	150.00
“ “ “ “	Ole Johan Andersen	“	32.50
“ “ “ “	Ole Andersen	“	142.50
Johannes Olsen “ “	Ole Andersen	“	130.00
Anders Andersen “ “	Ole Andersen	“	167.50

Beløpene utbetales under eksekusjonstvang med en halvdel innen 1. Juni 1901 og resten innen 15 mai 1903.

Det på Ole Johan Andersen tidligere bruk har stående et våningshus, som har våre benyttet av Tomas Nilsen. Huset står på uhjemlet grunn å en fant at en ikkje kunne belaste fellesskapet med utgifter til flytting av dette huset. Ole Johan Andersen pålegges å dre omsorg for at huset fjernes og tomten avleveres til grunneigaren innen 15 mai 1903. For det tap i avling Anders Olsen lider intil husene er fjerne betaler Ole Johan Andersen :

for våningshuset	kr.	2.00
for låve	“	1.00
foret mindre hus	“	1.50

Anders Nilsen betaler til Ole Johan Andersen for sitt hus	kr.	1.50
“ “ “ “ ” ” ” sin løe	“	1.50

Ole Andersen betaler til Ole Johan Andersen for sin hustomt kr. 1.80 og for to løtomter kr.2.00”

Forskjellige bestemmelser.

”Alle har rett til å leda skadeligt vatn i lukket grøft til den annen manns eigendom, denne kan så lede vatne videre over sin eigendom. Anders Olsen og Ole Johan Andersen har med hver sin ? part å omleggja og vedlikeholda bekken som renn gjennom det gamle tunet” (Sjurabekken). Bekken rann før utskiftinga etter flaten heilt ut til Kolfete. Bekken skulle no leggast i merke mellom Sjurane og Olane, ned til elva. Bekken skal gjerast minst 1.5 meter brei i botnen.

”Johannes Olsen har rett til å ta seg gangveg over Anders Nilsen sin eigendom til sitt tidligere vanntak. Skulle Johannes Olsen foretrekke å anlegge og vedlikeholde vannledning fra nemte vanntak har han rett til det.

Bleiking av tøy må ikkje forekomme på annen manns grunn.”

”I lien kan enhver anlegge firestreng over annen manns grunn, mot at dersom

skade påføres skog eller jord samt annen ulempe, erstattes etter to uildete menns skjønn.”

Leer.

Rundt heile innmarka var det bøgard. Bøgarden var for det meste steingard. Kvar brukar helt bøgarden ved sin eigendom. Det var mange leer i bøgarden, der alle hadde namn. Nyaleet ligg overfor Sjurane, Britaleet har fått namnet sitt etter Brita Presbyter som var gift med Nils Anders og ligg overfor Teigen, Hullaleet låg i brekka mellom Gjertruane og Plasset. Karlaporten ligg ovafor Storesteinen som ligg på Træet og har namnet sitt etter Karlane som budde oppå Træet. Stampaleet ligg ved elva overfor Kvernhusløen, her stampa dei tøy i gamle daga. Stølealeet ligg overfor Tørrisane, ein måtte gå gjennom dette leet når dei skulle på Sætre. Filhoggarleet ligg ca. 50 meter innanfor Litlabrunæ i steingarden som kjem ned der, og har namnet etter filhoggaren som budde der.

Bruer.

Innmarka ligg på begge sider av dalen. Elva renn i store bogar gjennom den flate dalen.

Her var mange bruer over elva: Litlebrunæ som er den eldste låg der brua ligg i dag, var ei trebru. Etter at Herfindalsvegen kom i 1912 vart brua bygd i betong. Kjørebrunæ er på same plassen som i dag. Stølabrunæ var hengjebu, bygd i ca 1890 åra, omlag 50 meter lenger mot sør enn Tåresbrunæ er i dag, ein kan framleis sjå kor brua har vore. Det hende at dei gjekk på stylder over elva der det ikkje var bru. Vade som ligg rett sør for det gamle bruket brukte dei til å køyre over når dei frykta at brua ikkje haldt. Hedlebrunæ ligg over Sjurabekken, dette var brua på den gamle Sædalsveien som gjekk rett forbi troppa til Olane. Fellesskapet skulle etter utskiftingen av utmarka i 1929 byggje to bruer i utmarka. Ei ved Geitabruhølen, og ei frå Myrane og over til Laupafete. Begge bruene skulle byggjast slik at det gjekk an å køyre over dei. Bruene skulle vera ferdige til 30.mai 1930.

Slåttar/Utløer.

Slåttene var tungvinde å slå, liene var bratte og ikkje så lett framkommelege. Her har det vore mange utløer i bruk fram til 1900 då firestrengene kom. I den tida dei slo oppe under Bjørnsnipa så "Rodda" dei høyet ned. Det vil seia at dei hadde eit grovt nett laga av hampetau som dei kunne snøra saman til ein rund ball, så trilla dei "Rodda" ned i Tonæ der dei hadde utløer. Det var lite skog i lia på den tida, så "Rodda" trilla lett nedover. Tørrisane og Gjertruane hadde utløe i Tonæ, dei låg på flaten på kvar si side av merket. Tørrisen hadde slåttene sine i Nilsaliæ og i Tonæ. Gjertruane slo i Tonæ og på Ramstallen. Dette var "byteslåtter". Det vil seia at ein slo berre halve slåtta kvart år. Der var og ei utløe på Hestajedln, som var Sjurane si, den er nok frå den tida dei slo under Bjørnsnipa. Sjurane hadde òg ei utløe på Kaustølen (Nilsutløe). Det var ei utløe oppå Tødna, den vart kalla "gamle Bakk

utløa”. Plassane har i si tid vorte kalla Bakkane, så det har heilt sikkert vore deira utløe. Plasse hadde slåtte på Tødna, i Støttetonæ og i Sjubøratonæ som ligg rett innanfor Støttetonæ. Der låg ei utløe på Utlestallen og ei der utløegrunnane er i dag, denne var sannsynleg Karlane si som budde på Træe. Det er mest sannsynleg at det var Karlane som åtte utløene på Utlestallen fordi dei slo mykje høy i utmarka. Det var ei utløe i Gjediane (Gjedlautløe), kven si det har vore veit eg ikkje. Sjurane hadde og slåtta i Sjurialæ, men dei hadde ikkje utløe der. Olane hadde slåtter på Langamyra, Liabakkane og i Olalæ, dei hadde ei utløe der. Knut Johannesson som hadde festeplass på Tuftabrote hadde to utløer opp ved «Sædalssåto», i dag kalla «Såtegrudnane». Teigen slo på Veastadln, den ligg tett med vegen så dei kjørte høyet heim med ein gong. Synsvoll slo i Ardalen og på Ardalsrenen.

Det er to utløegrunnar på Austebotn, kven sine det har vore er vanskeleg å seie. Han Andreas O Sæterdal sa “at en gong kom han Stor Ola innom dei, før han skulle inn på Austebotn etter høy”. Det er lite sannsynleg at det var Krekane som åtte der inne, men han var gift andre gongen med Magdelid frå bruk nr 9 (Synsvoll), så det er mest sannsynleg at utløene har tilhørt dette bruket.

Myrane.

I den tida der var slåtter over alt så var der lite skog ein kunne nytta som ved. For å spara på veden tok dei torv til brensel på Myrane. I dag kan ein berre sjå litt att av det eine torvhuset som var mura opp av stein. Dei andre to som var av plank viser det ikkje noko igjen av. Etter utskiftinga av utmarka i 1929, var der berre tre bruk som fekk lov til å ta torv i torvmyrene. Dette var Sjurane, Teigen og Plasse. Dei var tildelt kvar si myr, som var oppmålt og merka med merkesteinar. Rett til å ta torv gjaldt i fem år, fram til 1931. Sidan den tid har det ikkje vore teke torv på Myrane.

Dei tok òg tyrirøter opp av myrane, det var opptil 3 tyrirøter i djupna, så her har det vore stor skog i mange hundre år. I trettiåra var det tre personer frå Vaksdal som ville ta seg nybrot på Myrane. Det var Magnus Ulevik, Bernhard Knutsen og Henrik Rønhovde, dei skulle rydja seg kvar sin gard der. Men dei fekk ikkje konsesjon frå Heradsstyret, fordi dei var redde for at det ville koma krav om veg inn der.

Geithus.

Frå gammalt av var geitehold viktig, og alle gardane hadde geithus. Det som ein i dag kallar “Gamlageithuset” som ligg tett ved stien før ein kjem opp på Leite var Karlane sitt. Etter utskiftinga i 1926 flytta då den nye eigar av bruk nr. 2-4-8, geithuset inn til Likkistna, det blir i dag kalla Nyageithuset. I 1945 tok ein storm og heiv heile geithuset ned i Litla-Fagerlæ som ligg på nedsida av stien som går inn i Dyrdalen, etter dette vart ikkje geithuset bygd opp igjen.

Tørrisane sitt geithus sto i steingarden på ein liten haug overfor Kvednhusen i steingarden som i dag er merket mellom Tørrisane og Synsvoll. Gjertruane hadde eit geithus som sto oppe på en liten hjell ein 100 til 140 meter overfor huset til han Arne O. Sæterdal, omtrent der som sætravegen går ved fjernsynsmasta. Sjurane

sitt geithus låg oppunder bråtet der merket mellom Tørrisane, Olane og Sjurane møtest. Olageithuset låg på ein hjell overfor Bryggja. Synsvollane sitt geithus låg tett ved vegen rett oppom Fossen der vegen vidar seg ut, og ein ser inn i Ardalen, det viser ingenting att etter dette Geithuset. Teigane hadde Geithus på Veastallen, dette låg tett attved gamle vegen til Herfindalen. Her viser grunnen framleis.

Sæter.

Det står i Herredsbeskrivelsen av 1863 "til Sæterhaven er det en meget vanskelig vei".

Det var to sæter som hørde til Sædalen, Nyevegen og Steinsedalen. Sætra på Steinsedalen var den eldste. På Steinsedalen hadde bruk nr.1 Olane og bruk nr.3 og 5 Nilsane hadde kvart sitt sæterhus med eit smette i mellom. Sengene i disse sæterhusa var ikkje vanlege senger, men det var murer under dei. Sætra vart reven i 1933 å tømme i dei vart brukt i det nye sætre på Nyeveien(Det er vanskeleg i dag å sjå kor henne sætra har stått, der er bare antydning tilbake av grunnene)

På Nyeveien var sætra til Tørrisane, Gjertruane, Plassane, Kleppane og Teigen. Kleppane og Teigen hadde sæterhus i lag. Tørrisane og Plassane hadde sæterhus ilag. Gjertruane hadde eige seterhus mura opp av stein, av dette kan ein i dag bare sjå antydning av grunnane. Dei hadde ikkje flor til kyrne verken ved den gamle eller nye sætra, der var heller ikkje mjølkebuer. Dei kjøla mjølka i elva og bar heim mjølka kvar dag.

I dag står der berre eit sæterhus tilbake, dette vart overteke av ungdommen i Sædalen i 1954 då det sto til nedfall. Det er i dag restaurert og blir nytta som hytte.

Sølvrev.

Den første sølvreven kom til Sædalen den 11/11-1929. Det var Plasse som kjøpte første sølvreven, det er sagt at første paret kosta 3000.00 kr så her har forventningane vore store. Det har vore 3 revefarmar i dalen. Ein hjå Olane, ein hjå Tørrisane og ein på Plasse. Plassane hadde ein revegard borte i brekka rett bortom der vedbua står i dag, med plass til 4 revepar, og ein revegard med høgt gjerde omkring nede på Svena. Dei var eit aksjeselskap med eigarar frå Dale, Solberg og Birkeland foruten dei på Plasse. Tørrisen sitt revehus sto der huset til han Arne Sæterdal står i dag, med revegard ned mot steingarden. Eigarane her var Anders Synsvoll, Edvart Sæterdal, Nils Sæterdal foruten Tørrisane. Olane sitt

Revehus sto rett framfor huset til han Nils Arthur Amundsen, medan dei hadde ein revegard oppe på haugen rett bak huset hans. Eigarar av denne revefarmen var i førstninga delt mellom han Ole Ask og han Sigvald Olsnes, når Lonefamilien kom inn på eigarsida trekte han Sigvald seg ut. Teigen hadde et lite revehus med plass til 2 revepar rett attved løa. Dei som dreiv lengst med sølvrev var Olane, der vart siste sølvreven seld i 1952.

Han Ove Amundsen prøvde seg nokre år med sølvrev, han hadde eit revehus oppunder lia rett sørom Bryggjo.



Sædalstølen 1937

Utlånt av Finn Sæterdal

Kvernhus.

Kvernhusa låg inst i dalen ved Kvernhusfossen, her hadde Olane og Tørrisane kvern. Det skal ha vore eit kvernhus inne i Krokjen, rett ved der den naturlege steinbrua går over elva. I Fonestølsbekken har det frå gamal tid vore kvernhus. Olane kjøpte og bygde ny kvern i bekken i 1928. Seinare fekk ein motor på kverna og flytta den inn på låven .

Husmannsplassar.

Kolfetberget.

Kolfetberget er den eldste kjente husmannsplassen i Sædalen. Den fyrste tinglyste «bygsetelen» er frå 1787. Til Anders Sjursen Småbrekke som var gift med Barbro Eriksdatter frå bruk nr. 1(Olane)

Sist på 1800 talet budde Karl Fredrik Lundgren i husa på Kolfete. Han var svensk jernbanearbeider, som sannsynleg hadde arbeida på Vossebana før han busette seg her. Den tida som han budde her dreiv han som filhoggar, der av kjem namnet Filhoggarleet. Dei flytta til Sverige kring århundreskiftet. En kan framleis sjå litt att av grunnane av huset rett innanfor Filhoggarleet, området her har fått namnet sitt etter den svenske filhoggaren som budde her.

Tuftabrote.

I 1831 vart det tinglyst festesetel på Tuftabrote frå bruk nr.9 (Synsvollane)

Festesetelen hadde denne ordlyden:

“Jeg underskrivne Ole Andersøn Sæterdal gjør vitterlig at have bygslet og festet, ligesom jeg herved fæster og steder til Knut Johannessøn Sæterdal, mindreårig og under Kuratel af Hrr Proprietær Berg, for hans og Hustruds levetid et Plads under min ifølge Skjøde datert 28 de November 1821, thinglæst den følgende dageiende Anpart i Gaarden Sæterdal , Mat. Nr. 19 i Arna Skiprede af landskyld 18 m. Smør, kaldet Tuftebraaddet, tilligemed 3de Slaatteteiger.

Se: øverste Gangelien, Tykkekjærret og Rennelien, samt en Skovteig kaldet Fadnesstoelteigen, på Vilkaar af:

At han istedenfor aarlig Pengeavgift svarer mig eller efterkommende Eier 4 Dagers arbeide på min Kost 1 (en) om Foraaret, 2 (to) om sommeren i slåtten og 1 (en) om Høsten.

Selv må Fæsteren bekoste sig de fornødne Hus og sette paa Pladsen og forbliver disse hans Eiendom.

Af Gaardens Skov maa han ei benytte mer end den ansøkte Skovteig, samt den i Rennliteigen opvoxende Older.

Han må ei om Sommeren lade flere Kreature græsse i Gaardens Udmark, end som han om Vinteren kan føde på Pladsen.

Om alt Foranstaaende haver han med Kurator at meddele mig sin Reversalforpliktelse paa Dublikatet heraf.

Sluttelig anmækes at dersom Fæsteren ved Døden afgaar og hans nulevende Kone om hun igjen skulle intrede i andet og nyt Ekteskab, da skal det desuagtet være hende og Man tillat at bruge Pladset saalenge hun lever, og skulle Fæsteren forinden hans Død vilde afstaa Brugsretten til dette Plads, saa forplikter jeg mig til i saa Henseende at tilbagebetale ham Halvdelen af den nu erlagte bygsel med 20 (tyve) Speciedaler”.

Spesielle hendingar i Sædalen.

Flaumskade.

I 1747 vart der gjort så stor flaumskade i Sædalen, at skatteskylda og landskylda vart sett ned. Dette skjedde ved en tinglyst avtaksforretning. I 1749 var det framleis like ille, og skylda kunne ikkje setjast opp att .Dette kan tyde på at elva på den tida skiftet til nytt leie Det ser ut som om elva frå gammalt av har gått frå Bryggja og rett fram langs halla under Synsvollsløa og ut att ved Kolfetberget.

Lys.

Julaftan i 1918 fekk ein elektrisk lys i Sædalen, først var det bare til lys i husa, seinare fekk ein utvida bruken til koking å delvis oppvarming. Med elektrisk lys vart det ei ny tid for arbeid innandørs.

“Søvegen”.

Vegen til Vaksdal vart kalla “Søvegen”, den var frå først av gangveg. I 1890 åra

då Vaksdal Mølle bygde “Stemma” måtte vegen hevast og byggast om fordi den vart liggjande under vassflata. Ein kan fortsatt sjå deler av vegen nede i “Stemma”. Vegen vart då rusta opp til brukbar kjøreveg, for då kom første hjulparet i Sædalen. Han Andreas O. Sæterdal født 1884 fortalde at han huska godt når første hjulpar kom i Sædalen. Før 1890 brukte ein bare slede å køyra med, både sommar som vinter.

I byrjinga av 1930-åra fekk ein brukbar køyreveg i Sædalen, vegtraseen er nesten den same som i dag. Berre ved Olagarden er vegen lagt litt ned, her gjekk vegen frå gamalt av over Hedlebrua og tett oppunder trappa deira.

Hendingar.

Olav var brukar her på slutten av 1500 talet. I lensregnskapen 1601-02 finn me Olav nemnt i samband med ei sak. Ola hadde fått barn med jenta Gjertrud Olsdtr., som var søster til kona hans. Dette var ei straffbar handling på den tida, og Olav strauk sin veg for å koma seg unna saka. Då saka kom for retten var Olav fråverande. Heile eiga hans vart inndregen, som var på 5 riksdalar (rdl).

I 1675 Kom Nils Knutsson for retten . Han hadde lånt ein hest hjå Olav Vaksdal og køyrt denne hesten så hardt at hesten døyde. Nils vart dømt til å erstatta hesten med halvparten av det den var verd 1 rdl.

I 1666 var Anders Olsson brukar på ? av garden. Han var 25 år gammal. Namnet åt kona hans er ikkje kjent. Ho var enka då Anders gifta seg med henne. Fyrste mannen hennar heitte Lars. To av barna i det fyrste ekteskapet hennar er kjende, Lars f.1858 og dottera Kari, som truleg er født noko tidlegare. Kari reiste legermålsak mot stykfaren i 1670. Då saka kom opp til doms vart Anders dømt til å betala 3 rdl. og 8 skilling i bot, men det vart opplyst at han hadde reist sin veg og ikkje etterlate seg noko.

I 1681 vart Mons Nilsen Herfindal stemt til tings fordi han ikkje hadde møtt opp for å skyssa futen til tinget, enno han var tilsagt. Han slapp å betale bot fordi han var fattig, men han vart formana til lydighet.

Ulykker.

I 1905 fekk Anders Sæterdal skøyte på bruk nr 2 Trædet, av faren Karl Johan Isakson Lundgren som var født i Sverige. Dei hadde ei dotter som heitte Karolina Johanna Andersdatter. Ein dag dei heldt på med slåttan i Tødna, var ho med og hjelpte til. Det var senegrass som var breidd utover for å tørke. Då dei heldt på med dette arbeidet, glei ho på den tørre senegraset å ramla utfor å slo seg i hel.

Straks etterpå flytta familien til Lone.

Heinrich Huttenbach.

Det sto følgjende notis i Morgenbladet den 30 mai 1912 :”Et uhyggelig found er igaarftes ved ellevetiden indberettet til lensmannen i Vaksdal. I indmarken til Gaarden Sæterdal er fundet liket av en ukjent mand, antagelig en Tysk turist.”

Den 9 mai 1912 stoppa nattoget fra Oslo som vanleg ved Vaksdal Stasjon, der det var 10 minutter opphald og restaurant. Ein person steig av toget å gav seg i veg oppover brekkena.



Klubbabrune, 1937.

Frå v.: Irving Sæterdal , Andreas O. Sæterdal, Albert Hagen, Karia ?
Utlånt av Finn Sæterdal

I tunet på Jamne sto han Thomas Jamne og hogg opp litt småved då ein framande person kom gåande forbi husa . Då han tok vegen opp mot utmarka, ropte Thomas til han at han var på feil veg. Personen stansa så Thomas gjekk nærmare, inntil ca. 15 meter, og viste han vegen som førte oppover dalen. Personen var høg og breiskuldra, med kortklipt hår og solbrun ansikt. Personen nikka og svarte noko som Thomas ikkje forsto. Han meinte det måtte vera tysk, fordi han hadde arbeida samand med tyskarar på Vaksdal Mølle. Personen var iført ein grå overfrakk og blaut hatt, på ryggen hadde han en grå velfylt ryggsekk.

Anders Olsen Sæterdal såg samme dag ein framande person gå forbi huset hans (Olagarden). Det var til dels skodde og regn så han tenkte at den framande lett kunne gå seg vill.

Johanna Andersdotter Sæterdal hadde og sett ein mannsperson gå forbi garden deira. Han fylgde vegen oppover mot fjellet, det siste ho såg av til han var oppe ved uthusa kor han snudde seg og såg seg tilbake.

Den 29. mai same året om ettermiddagen var Johanna Sæterdal og sonen Karl Andreas, som då var 13 år i utmarka og jaga nokre sauer. Johanna fylgde rekkje, medan han Karl Andreas gjekk oppunder berget (Stortonæ). Plutseleg kom han springande til mora og fortalde at han hadde sett ein død mann liggjande i ei bratt steinet brekke rett under Stortonæ. Dei skunda seg heim og fortalde til Ole Nilsen

Sæterdal om funnet. Ole Nilsen gjekk om kvelden ned til lensmann Robert William Kvalvåg og meldte frå om funnet.

Lensmann Kvalvåg tok med seg sin kontorist Mathias Hansen Brørvik og drog i Sædalen, der fekk han med brødrene Anders og Johannes Olsen. Dei hadde lykt med seg, og ved eitt-tida om natta fann dei mannen. Dei konstaterte at mannen var død, så dei rørte ikkje noko på staden. Dei ville venta til neste dag, og ha med seg distriktslækjar Claus Quist Hansen som skulle foreta liksyn. Neste dag kom lækjaren, han kunne konstatere at der var to skotsår i hovudet. Det eine skotet hadde nesten reve av det eine øyra, det andre skotsåret var midt i panna. Det i panna hadde sannsynleg forårsaka at vedkommande hadde dotte utfor bråtet.

Same dagen vart det også funne ein ryggsekk som inneheldt 8 tyske bøker, eit kompass, eit par snøbriller, eit par beksaumsko, ei skjorte, eit par hanskar, nokon lommeværkle og nokon revolverpatroner. Dei fann ikkje nokon revolver den dagen. Den 2. juni fann Johan Strømme ein Browning pistol med eitt skot i på ei lita to, rett ovafor der dei fann personen.

Den 5. juni fann Johanna Sæterdal 6 lommeværkle pluss ein snipp stokke inn i ein liten mur ved ei stikkrenne som gjekk under stien. Lommeværklea var merka med H.H og i snippen sto det eit firmamerke frå Munchen, der lommeværklea låg fann ein også nokon appelsinskal.

På grunn av "likets beskaffenhet" ble det gravlagt på Vaksdal kyrkjegard den 1 juni.

Den 31. mai kom det eit telegram til Vaksdal lensmannskontor frå Anders Berg, Moss, om at han hadde sett i Morgenbladet av 30 mai at der var funnet ein død tysk turist i utmarka på Vaksdal. Han etterlyste ein tysk turist med tilsvarande signalement, han oppgav kva for klede han hadde på seg sist han var sett. Likeså oppgav han signalementet på eit armband han gjekk med. På den bakgrunnen vart den funne personen identifisert. Personen som hadde enda sitt liv så tragisk i utmarka i Sædalen var student Heinrich Huttenbach 23 år frå Frankfurt i Tyskland.

Jakt.

Det var heilt mørkt då han "Klepp-Edvart" stei ut på trappa med børsa under armen, klokka var bare fire. Han hadde på seg den store svarte rallarhatten og ein sid vadmålsjakke, det kunne vera kaldt å liggja å venta på at orren skulle starta opp med spelinga si. Når han skotta opp så var det så vidt ein kunne ana konturane av Furunåva mot aushimmelen, for det var bak den Langamyra låg som var målet for dagens jakt.

Etter å ha streva seg opp lia i mørke, fann han seg ein høveleg plass under eit brakastø med god utsikt over speleplatsen. Det han ikkje viste var at han "Teiga - Anders" var ute i same erend, å hadde funne seg ein tilsvarande plass på andre sida av myra.

Det tok så vidt til å lysna å dei haurda at nokre orrhana slo seg ned. Best det var syntes han "Teiga-Anders" han såg noko som lea seg borte ved eit brakastø, skotet

smalt å det vart eit fæla gaul. Fram kom han "Klepp-Edvart" å holdt seg for anlete med blodet rennane ut mellom fingrane. Det såg fælt ut, men heldigvis hadde hatten fått det største trykket, av den var det bare filler tilbake. Han "Teiga-Anders" måtte støtta han nedatt lia.

Doktar vart henta, han tok ut 23 hagl frå anlete, men nokre sat att så lenge han levde.

Femti år seinare låg han Edvart i Herfangen i påsken, på vegen heim att var det tett tåke og snøblindt. Då han kom ned i Budalen ramla han slik at han trødde skituppen bak det eine auga og vipa det ut. Då han kom på sjukehuset og fjerna auga, fann dei to hagl som låg innkapsla bak i augnehola. Så det hadde vert nære på den vårdagen på speljakt, at auga hadde stroke med.

Siste bjørnejakta

Namna rundt omkring Sædalen vitnar om at det hadde vore bjørn her før i tida. Namn som Bjørnsnipa, Bjørnstien og Bjørnafjellet vitna om det.

På 17- og 1800-talet vart det drive organisert bjørnejakt her i fjellet, det var inndelt i såkalla "bjørneroer" der folk frå Sædalen, Vaksdal, Skreia, Fossmark, Fossdalen, Stanghelle og Dale var med. Det var fleire gonger råka bjørn frå bjørnehiet under Bjørnafjellet. Siste organiserte bjørnejakta var rundt 1830 då dei råka ut ein bjørn derifrå. Dei fekk ikkje skot på han der, så han kom seg inn i Dale-fjellet. Der kom han framom han Sjur i Sædalen og han Brygt i Skreia.

Han Go`far Sjur Sæterdal hadde ladt børsa si med tre kuler. I dag skulle han veide bjørn. Så snart bjørnen kom på høveleg føre til dei sa han Brygt "Ja, no får du Sjur, skjota fyrst" Sjur Sædalen skaut og då det small, vart han kasta attende bort i ei hola med noko av børsestokken att i neven, resten av børsa visste han ikkje kvar det vart av. "Du skaut som ein skjit" sa han Brygt til han. Så skaut han Brygt, og skotet råka bjørnen i ryggen, så den gjekk av. Bjørnen rulla utover fjellet, dei fann han att der og køyrde han heim til Dale.

(Nedskriven av Johannes Leiro)

Stadnamn med hendingar tilknytt namna.

"Madli-Nilsopete".

Denne historia er fortalt av Johan Sæterdal ein gong me hadde vore på fisketur i Fossdalen.

Det var ein haustdag han Madli-Nils, Madli-Johannes, Teiga-Nils og han Plassa-Johan skulle til Fossdalen å fiska. Då me var komne opp i Budalsskare til den store ura som ligg rett over tregrensa, såg me 3 revungar som dreiv og leika seg borte i ura. Me sette oss på ei stor helle i utkanten av ura og diskuterte korleis me skulle greia å fanga revungane. Me vart einige om at han Madli-Nils skulle sitja att og passa på maten vår, medan me andre skulle freista å fanga revungane. Etter eit langt basketak borte i ura uten resultat, gjekk me tilbake der han Madli-Nils sat. Då me kom tilbake til steinhella såg me at all maten vår var borte. Han Madli-Nils som

ikkje var heilt som oss andre, men med ein glupande appetitt hadde ete opp all maten som me hadde med oss. Då var det berre for oss å rusla heim att. Sidan den dag har den store hella i ura vorte kalla Madli-Nilsoppete.

Likkistebakken.

Likkistebakken ligg ved Ardalsvegen på den bakken som han Oskar Amundsen bygde hus på (no Sveinung Sæterdal). Namnet skriv seg frå tida før dei fekk veg i Herfindalen og dei måtte bæra likkistene over Heia, og kom ned igjen på Veastallen. (Den Herfindalsvegen som i dag er merka). Då dei kom ned der det var ein flate, sette dei frå seg kista før dei var i elva å vaska seg. Der skifta dei òg til kyrkjeklede før ferda gjekk vidare til Bruvik og kyrkjegarden der. Der av kjem namnet Likkistebakken

Thomashelleren.

Dette er ein markert heller som ligg rett ovanfor steingarden oppom Teigen. Thomas Nilsson bygde seg hus her tett i bøgarden, han var gift med Brita Andersdatter dotter til eigar av bruk nr. 9 (Synsvoll). Han vart av folka i Sædalen, kalla "Tomas med garden". Det er fortalt at dei begge var blinde. Han har sikkert brukt helleren i forbindelse med at han budde der. Etter at dei begge døde i 1895 vart huset seld, og i 1897 flytta ned til Jamne. Dette fekk bruk nr. 24 og er i dag kjent under namnet "Bratlandshuset".

Alteret.

Dette er ein stor stein som ligg innanfor Jernporten tett ved sætravegen, her kasta stølsfolket ein liten stein oppå den store når dei var på heimveg frå stølen. Viser godt den dag i dag, ein stor stein med mange småsteinar oppå.

Hoppebakkar.

Hoppporten har ei tid stått sterkt i Sædalen, her var fleire hoppbakkar. Den største var Synsvolsbakken som låg sørom husa på Synsvoll. I denne bakken var hoppet mura opp av stein. Det var montert lys i bakken etter krigen, bakkerekorden var på 50 meter. Ho Ester Synsvoll hoppa i denne bakken. Andre bakkar var Teigabakken som låg rett sørom huset til Teigen. Her bygde dei hoppet opp med snø, ein kunne hoppa ca. 20 meter, det var her dei haldt "Gubbarena". Slåttelikollen vart bygd på sekstitalet, den låg i Slåttelia rett sør om løa til Tørrisane. Her var det bygd eit langt hopp av tre, ein kunne hoppa ca. 30 meter i bakken.

Dei vintrane det var lite snø, så laga dei til ein hoppbakke inne i Dyrdalen.

Ras/skreder.

Liene i Sædalen er bratte og har i alle år vore utsett for ras og snøskreder, spesielt før då det mest ikkje var skog i liene som kunne hindre slike ras. Den største og mest kjente skreda som har gått er "Karlaskreo" i ca. 1880. Dette er raset som

kom ned på bøen til Karlane på Træe, der spesielt Storesteinen viser kva for krefter som var i sving dengong. Karlane vart så engstelege at dei ville setta seg opp nye hus ved Strålandshauen, ein kan så vidt sjå den dag i dag kor han begynte på grunnane. Snøskred gjekk der årvisst, større og mindre alt etter kor mykje snø der var.

I 1952 gjekk der eit stort snøskred frå Storehjedlen og ned Nilsaliæ over Røstølen og i elva, den tok med seg all skogen som sto i veggen for snøskredet.

I 1979 gjekk det eit merkeleg ras, om natta raste det i Renustallbekken slik at det stengde for vatnet som til vanleg rann ned på Svena. Der vart ein innsjø på oppsida av steingarden ved Karlaporten. Då den vart så stor at den sprengte steingarden, rann vatnet nedover Træe.

Det hadde vore tørrfrost før det kom ca. ein meter snø, slik at då vatne kom, flaut det lett på bakken og skubba snøen føre seg.

Denne snøbølga traff så øverste floren med slik kraft at den for gjennom halve floren så den begravde fleire kyr og sauer som sto i den enden, medan andre sto til halsen i snøskavlen. Noko av skavlen for ned til gamleløa og inn på låven, der den braut ned fleire bjelkar som datt ned på kyra som sto under. Bud vart sendt rundt i Sædalen og til Røde Kors som kom mannsterke for å hjelpa til. Kalvane og stutane som hadde stått i grisehuset vart plasserte rundt om i florane der det var plass. Det strauk med to kyr, tre årskalvar og sju sauer i raset.

Dyrdalen.

Dyrdalen hørde ikkje til Sædalen men til Vaksdal. Skulane, Klokkarane og Perane hadde sæter der. Ho Brita Synsvoll som var født og oppvaksen hjå Perane har fortalt at ho støla i Dyrdalen. Kyra gjekk som regel i Gløvrebakkane der det var best beite, så stølavegen gjekk opp Dyrdalskaret som var kortaste veggen. Når det regna var det tungt å gå, fordi dei i den tida gjekk i fotsid vadmålstakk. Når der ikkje var folk å sjå så heiste dei vadmålstakken opp under armene når dei gjekk opp Dyrdalskaret. For å letta henting av kyr frå Gløvre, hadde dei laga til ein sti opp gjennom Bjørkåsskaret. På det brattaste midt i skaret var her mura opp ca. 20 trappe-trinn. I dag kan ein berre sjå ein 8-10 trinn fordi der i tidens løp har rasa stein over dei andre trinna.

Kjelder utanom forfattaren sitt eigenproduserte arbeid:

Utskiftingsprotokollar 1889 – 1901

Lensmannsarkivet 1912

Vaksdal Bygdebok, band I og II